

ORD FOR DAGEN

Det er vår ungdomsære,
det er vår lek og lyst,
det alvorstanken være
som bor i mannens bryst!
Så skjøn en drøm ei finnes
som den på ungdoms strand
om arven som skal vinnes
i åndens fedreland.

(Olaus Arvesen).

Den globale idékrig

I programposten «Søkjelys mot demokratiet» siste tysdag kom professor Eiliv Skard med kvasse åtak på Norsk Rikskringkasting i samband med den såkalla Victor Smith-saka. Kvar står den mest effektive og meiningsskappande institusjon i vårt land i ei krisetid då veldige krefter går til åtak på sjølv livsgrunnlaget? spurde professor Skard.

Vi lever midt i den globale idékrig som faktisk er den tredje verdskrig, sa han. Har Norsk Rikskringkasting eit klart og forpliktande standpunkt til vårt folks demokratiske, moralske og kristne grunnverdiar eller har ein ikkje noko standpunkt?

Professor Skard reiste deretter spørsmålet kva som er grunnen til at demokratiet i dag er på defensiven, truga på livet av totalitær ideologi som fornektar alle våre høgste verdiar, og som har eit einaste mål: å vinne verda

Det må vere ein sviikt i fundamenta, sa Skard. Vi innbilte oss at demokratiet var noko ein kunne få gratis. Vi gløymde at ikkje noko samfunn kan stå ved lag eller noko folk leve utan eit felles, forpliktande livsgrunnlag. Det er den gløymde faktor i liberalismen og i velferdsstaten sitt demokrati. Menneska har trong for eit livsinnhald som engasjerar. Dersom denne trongen ikkje blir stetta, oppstår det eit tomrom, der alle vonde ånder kan rykkje inn. Dei demokratiske politikarane som ikkje har noko anna å tale om enn levestandard, må ikkje undrast over at demokratiet ofte syner så liten evne til å skape eldhug hos ungdomen, samstundes som den totalitære ideologi veit å setje millionar på marsj.

21-01-033

Arbeidsparti-avis,
Frida Tidende, Sandane
27/9.

1960

Lektor Dvergstad

Nr. 67

Kjem u